

Språkendingar langs Oslofjorden

Sverre Stausland Johnsen

Samandrag

Denne artikkelen gjev ein systematisk og representativ gjennomgang av all tilgjengeleg litteratur om endringar i bymåla langs Oslofjorden. Resultatet av denne gjennomgangen er at det fyrst og fremst er det folkelege talemålet i Oslo som har spreidd seg utetter til andre byar. Det finst ingen klare teikn på at standardtalemålet har hatt nokon innverknad på det vanlege talemålet i desse byane.

I Innleiing

I 1999 gjekk Lars S. Vikør igjennom somme granskingar av talemålsendingar i målføre i Hedmark, Oppland og Buskerud. Konklusjonen hans var at “bygde-ungdommar går over til å tala meir eller mindre reint eller tilnærma bymål eller bokmål”, at det lokale målføret vert “modifisert av regional-austlandske drag”, og at ein finn “drastiske overgangar til søraustlandsk og sterkt bokmålsprega bymål” (1999: 40). På Austlandet, skriv Vikør, går “talt bokmål”, “folkeleg bymål” og “regionalisering” ut på det same, og det er “Oslo-orientering” (1999: 22–23). Med enklare ord er dimed konklusjonen til Vikør at talemålet i Oslo har spreidd seg på Austlandet.

Men kva for eit mål er “talemålet i Oslo”? Tradisjonelt har det vore to ulike talemål i hovudstaden, dei som Amund B. Larsen kalla *vulgerspråket* og *den danna daglegtalen* (1907), og som i dag oftare vert kalla *austkantmål* og *vestkantmål* (Alnæs 1981). Hovudemnet for denne artikkelen er å svara på det spørsmålet: Er det austkantmålet eller vestkantmålet som spreier seg på Austlandet? Eg skal sjå nærare på dei austlandsmålføra som ikkje var med i oversynsartikkelen til Vikør, og det er målføra langs Oslofjorden. Dei målføra vert normalt kalla *vikvørsk*. Det er eit viktig mål med denne artikkelen at granskinga skal vera so vitskapleg sätande som

* Eg vil gjerne takka Hans-Olav Enger, Eric Papazian, Arne Torp, utgjevaren og ein fagfellevurderar for at dei las eit tidlegare utkast til denne artikkelen og gav merknader til det, og Klaus Johan Myrvoll for at han las korrektur før artikkelen vart prenta. Eg vil òg takka Tamás Pétery for at han laga ein vektorversjon og gråla kartet i figur 1 for meg.

råd er. Eg har difor ikkje berre plukka ut somme granskingar eg har valt å sjå nærare på, men eg har gått igjennom alle dei artiklane, bøkene og avhandlingane som finst om talemåsendringar i vikkværske (so langt eg kjenner til). Denne gjennomgangen viser at det er det folkelege talemålet i Oslo, austkantmålet, som har spreidd seg utetter det vikkværske området.

Eg kjem til å nytta den norske lydskrifta i denne artikkelen (Storm 1908; Kolsrud 1950), både av di ho er lettare å lesa for dei som les norsk, men òg av di mesta all norsk målførelitteratur er skriven med henne. Tonelagsmarkørane ´ (for einstavingstonelag) og ` (for tostavingstonelag) er skrivne berre der dei er relevante. Somme endingar bør rettast skrivast som $-(ə)n$ og $-(ə)nə$, sidan vokalen ə i slike endingar berre vert uttala etter visse konsonantar. I denne artikkelen kjem eg til å forenkla denne variasjonen, og eg generaliserer difor endingane som $-ən$ og $-ənə$.

Resten av artikkelen er sett opp slik: Den neste bolken definerer dei tre talemåla som er relevante i denne artikkelen, det er standardtalemålet (vestkantmålet), folkemålet (austkantmålet) og dei vikkværske bymåla. Bolk 3 gjer greie for kva slags hypotesar som vert lagde til grunn for undersøkinga i denne artikkelen, kva data-materiale artikkelen byggjer på, og kva for konklusjonar tidlegare litteratur om emnet har drege. Hovudbolken i denne artikkelen er bolk 4, der eg går igjennom alle dokumenterte språkendingar i vikkværske og gjer greie for kva opphavet til kvar endring er. Konklusjonen er at flestalle endringane kjem frå folkemålet, og at standardtalemålet ikkje ser ut til å ha nokon innverknad på dei vikkværske bymåla. I bolk 5 diskuterer eg korleis ein skal skjønna desse resultatata i ein større teoretisk samanheng, og eg argumenterer for at dei falsifiserer dei sosiolingvistiske modellane til Mæhlum (2007a,b; 2009). Eg oppsummerer artikkelen i den siste bolken.

2 Talemål i Oslo og langs Oslofjorden

2.1 Standardtalemålet

Morsmålet i dei øvre sosiale laga i Oslo har i lang tid vorte sett på som “standardtalemålet” i Noreg. Slik har det vore gjennom heile 1900-talet (Alnæs 1910: iv; Vanvik 1979: 7), og slik er det òg i dag (Mæhlum 2009: 13–14). Difor kjem eg til å bruka den nemninga frå no. Alt tyder på at dette talemålet vart skipa i skjeringspunktet mellom dansk skriftspråk, dansk talemål og bymåla i Oslofjorden (jf. Larsen 1907: 10–15). Dette målføret er i hovudsak dansk i ordtilfang og bøyingsverk, men meir typisk søraustnorsk når det gjeld det reint lydlege som lydverk,

trykk og tone (Torp og Falk 1898: 3). Målet har endra seg særst lite sidan dei tidlege skildringane i Bennett (1881), Brekke (1881) og Western (1889), og det er rimelig å seia at dette er det målføret i Noreg som har endra seg minst dei siste 150 åra.

På 1800-talet var standardtalemålet tydeleg skilt frå høgtidsspråket, som var ein leseuttale bygd på uttalenormene for det skriftlege bokmålet (Knudsen 1876: 19–23; Seip 1959: 67; Skard 1979: 44). Det er lite truleg at nokon hadde høgtidsspråket til morsmål på den tida. Det var ei målform folk med utdanning lærte seg når dei skulle lesa høgt frå bøker og halda føredrag (Knudsen 1876: 19–20). Etter hundreårsskiftet vart bokmålet endra slik at det skulle samsvara betre med standardtalemålet, både når det galdt bøyingsverket, rettskrivinga og uttalenormene (jf. Skard 1979: 41–76). Skilnaden mellom standardtalemålet og det tala bokmålet vart dimed mindre, og dette førte til at bokmålet i større grad enn før vart sett på som skriftfestinga av standardtalemålet. I dag er det lite som skil det tala bokmålet i ein søraustlandsk munn frå standardtalemålet, og det er grunnen til at mange kallar både standardtalemålet og det tala bokmålet for “bokmål”, jamvel om dei både historisk og konseptuelt er to åtskilde varietetar. I denne artikkelen skal eg halda dei to nemningane frå einannan. *Standardtalemål* vert brukt om morsmålet i dei øvre sosiale laga i Oslo, og *bokmål* vert brukt om det skriftlege bokmålet og leseuttalen av det.


2.2 *Folkemålet*

Talemålet i dei lægre sosiale laga i Oslo, det er arbeidarklassen og den lægre mellomklassen, kallar eg *folkemålet* i denne artikkelen. Den mest omfattande skildringa av dette målet gav Larsen (1907). Folkemålet har sidan òg slege rot i austlege drabantbyar som har vorte innlema i Oslo (Birkeland og Møller 1983; Andli 1984). Folkemålet har sidan skildringa i Larsen 1907 gått i lei mot standardtalemålet (Alnæs [1963]: 201–210; Jahnsen 2001: 127; 2002: 30). Tendensen er at dei folkemålsformene som ikkje har vore i bruk i standardtalemålet, vert borte (Jahnsen 2001: 127; 2002: 30).

2.3 *Vikværsk*

Målføra på bae sidene av Oslofjorden har so mykje sams at dei lyt verta rekna for eitt målområde, og dette målvaldet vert oftast kalla *vikværsk* etter det gamle namnet på Oslofjorden: Vika. Nøyaktig kvar ein skal dra grensa mellom vikværsk og andre målføre, ymsar noko i målførelitteraturen. Her fylgjer eg den geografiske

definisjonen i Endresen (1990). Eit kart over dette vikkværske målområdet er gjeve i figur 1, der alle dei stadnamna som vert nemnde i denne artikkelen er oppførte. Dette er eit nokso folkerikt område. Med 10.335 km² dekkjer det berre 3,38 % av det totale landarealet i Noreg, men med 955.103 menneske bur heile 18,91 % av folket i landet vårt her (*Statistisk årbok 2013*: 80–87).



FIGUR 1: Det vikkværske målområdet
(basert på Endresen 1990: 91)

Det fremste kjenneteiknet på vikkværske er den vide bruken av vokalen æ i trykklette stavingar. Både bruken og fordelinga av vokalen æ i grammatiske endingar er noko av det som gjer at folk innanfor dette området sjølve tykkjer dei talar “same målet” på båe sider av fjorden, og det skil dei samstundes frå andre målføre som

ligg like ved. Ei setning som ‘Kjerringane til fiskarane kasta dei flataste steinane i elva’ heiter på eit tradisjonelt vikkværsk mål *ƙærrinǣnǣ te fiskǣrǣnǣ kastǣ di flǣtǣstǣ stǣinǣnǣ i ǣlvǣ*, medan ho rett nordanfor den vikkværske grensa tradisjonelt lyder *ƙærrinǣnǣ te fiskǣra kastǣ di flǣtǣstǣ stǣina i ǣlvǣ*.

3 Språkendingar i vikkværsk

3.1 Hypotesar og data

I denne artikkelen skal eg gå igjennom den litteraturen som finst om talemålsendingar i det vikkværske målvaldet. Denne litteraturen er lista i tabell 1.¹ Det finst sjølvsagt mykje meir litteratur enn dette om vikkværske målføre, men her skal eg berre ta føre meg dei granskingane som fokuserer på endingar i vår tid. Mesteparten av denne litteraturen er skriven innanfor faggreina kalla *variasjonistisk sosiolingvistik*, der målet er å skildra og forklåra korleis eit språk varierer på ei og same tid i eit samfunn, med hovudfokus på den variasjonen ein finn når ein samanliknar ulike sosiale grupper med einannan. Det er ikkje målet med denne artikkelen. Eg skal berre sjå på korleis vikkværsk har endra seg over tid, og eg skal fokusera på det daglege talemålet til ungdom og unge arbeidrarar. Hovudgrunnen til det er at det er dei gruppene litteraturen fokuserer på òg, so det er dei me har mest språkleg data for.

Som nemnt i innleiinga i bolk 1 er målet med denne gjennomgangen å røkja etter om det er standardtalemålet eller folkemålet som spreier seg til vikkværsk. Men det er òg andre hypotesar som vert lagde fram i norsk sosiolingvistisk litteratur om kva det er som er hovudgrunnen til at målføra endrar seg. Somme meiner at talemålsendingar i norske målføre går mot det skriftlege og opplesne bokmålet (Jahr 2007: 95), andre at målføra primært (eller i stor grad) gjennomgår internt motiverte endingar mot ein “enklare” og meir “naturleg” grammatikk (Sandøy 1985: 232–239; Skjekkeland 2000: 31, 79–90). I denne artikkelen kjem eg ikkje til å ansa desse teoriane. Bokmålet finst mesta berre i media (t.d. TV, radio, aviser,

1. Lista med stadnamn i tabell 1 fylgjer Oslofjorden frå vest til aust, jf. kartet i figur 1. Drangedal fell utanfor det vikkværske målområdet i figur 1, men målføret i denne bygda har so mykje sams med vikkværsk at det høver å ta det med her (jf. Dalene 1947: 88; Voje 1979: 105), ikkje minst av di målføret har vorte meir vikkværsk i nyare tid (Voje 1979: 199). Klassifiseringa av busetnaden som “by” eller “bygd” i tabell 1 byggjer ikkje på kva stader som har offisiell bystatus, men på tilhøve som (a) innbyggjartal, (b) busetnad (industriområde, tettstad, landbruksområde, osb.) og (c) korleis stadene er skildra i litteraturen. Nøtterøy og Gullaug vert klassifiserte som byar i denne samanhengen av di dei har gått i eitt med byane Tønsberg og Drammen, og av di målføra ikkje lenger skil seg frå bymåla (Maagerø 1978: 3; 1981: 3; 1983: 33; Elseth 1982: 12).

Stad	Busetnad	Kjelde
Drangedal	Bygd	Voje 1979
Kragerø	By	Seim 1977; 1981
Holla	Bygd	Gjermundsen 1978; 1982
Porsgrunn	By	Smith 1968
Skien	By	Bjellås 2001
Grenland		Dalene 1947
Larvik	By	Dybvik 1994; Lindbekk 2000
Hedrum	Bygd	Steinsholt 1964; 1972
Sandefjord	By	Dahl 2002a,b; Jensen 2006
Sandar	Bygd	Spilde 1969
Nøtterøy	By	Maagerø 1978; 1981; 1983
Tønsberg	By	Gulbrandsen 1975; 1977
Nykirke	Bygd	Broch 1943
Gullaug	By	Elseth 1982
Drammen	By	Andersen 1982; Kristiansen 1995a,b; 1996; 1999
Oppegård og Vestby	By og bygd	Aasen 2004
Moss	By	Sørensen 1998
Sarpsborg	By	Bjørnemyr 1985
Fredrikstad	By	Lund 2006; Imrik 2011
Halden	By	Hult 2008

TABELL 1: Litteraturliste for språkendringar i vikkværsk

bøker og internett), so dersom det er dette målet som spreier seg til målføra, so lyt det ha opphavet sitt der. Men talemål endrar seg når folk talar i hop (Foldvik 1979: 147; Labov 2001: 228; Trudgill 2004: 148–151), noko dei ikkje gjer gjennom media (Dahlstedt 1970: 36–38; Bjørkum 1974: 537–538; Trudgill 1974: 223). Det er lite troleug at språkbruk i media påverkar talemålet åt folk på anna vis enn å gje dei nye ord og uttrykk (Trudgill 1974: 223; 1986: 40–41; Sandøy 1985: 248). Når det gjeld interne endringar i målføra fann Vikør ingen døme på det i gjennomgangen sin (1999: 42), og eg har heller ikkje sett nokon teikn på det i denne gjennomgangen av den vikkværske litteraturen.

3.2 *Funn*

Når ein skal generalisera over dei funna som granskingane oppførte i tabell 1 har gjort, so er det viktig å skilja mellom bymål og bygdemål. For vikkværske bygdemål er tendensen eintydig – dei legg seg etter det næraste bymålet (Broch 1943: 168–171; Dalene 1947: 90–91; Steinholt 1964: 174–175; 1972: 99–100; Spilde 1969: 13; Trudgill 1974; Gjermundsen 1978: 22; 1982: 301–302; Foldvik 1979; Voje 1979: 199). Difor kjem eg ikkje til å sjå noko meir på utviklinga i vikkværske bygdemål.

Men for bymåla er målgranskarane usamde. Dei fleste meiner å sjå at det er standardtalemålet som har spreidd seg til bymåla (Steinholt 1964: 16–17; 1972: 24, 71; Smith 1968: 253; Maagerø 1978: 1; 1981: 8; 1983: 31, 53; Seim 1977: 59, 62; 1981: 14–15; Elseth 1982: 18–22, 73, 87–88; Lund 2006: 23–24, 135). Her lyt eg understreka at ingen av dei granskingane som er oppførte i tabell 1, skil mellom standardtalemålet og bokmålet. I dette opptalet reknar eg difor båe under nemninga *standardtalemålet*. Særleg i dei siste tjuåra har andre meint det er folkemålet i Oslo som har spreidd seg til dei vikkværske bymåla (Dalene 1947: 88; Dybvik 1994: 132; Sørensen 1998: 110–111; Bjellås 2001: 105; Dahl 2002a: 267; Aasen 2004: 87, 104).

I neste bolken skal eg gå igjennom det datamaterialet som granskingane av bymåla i tabell 1 legg fram, og sjå om det er standardtalemålet eller folkemålet som står attom endringane. Denne gjennomgangen er meint å vera representativ, ikkje uttømmende. Eg tek med alle registrerte talemålsendringar som oppfyller tre kriterium:

1. Endringa finst i minst to bymål.
2. Minst to målgranskarar har nemnt endringa.
3. Endringa råkar grammatikken (morfologien, fonologien eller syntaksen).

Eg tek difor ikkje med endringar i ordtilfanget, som at gamle målføreord forsvinn, eller endringar der det berre er uttalen eller tydinga av einskilde ord som er ny.

4 Gjennomgang av vikkværske språkendingar

4.1 Frå æ til a i trykklette stavingar

Som nemnt i bolk 2.3 er det mest karakteristiske måldraget i dei vikkværske måla den vide bruken av vokalen æ i trykklette stavingar. I bymålet i Tønsberg og Fredrikstad har denne trykklette vokalen i nyare tid gått over til a i mange morfologiske endingar, illustrert i tabell 2 (Knudsen 1924; Gulbrandsen 1975: 27–40; Lund 2006: 69–80, 86–87, 92–94, 97–99).² Dei nye endingane med a er jamførte med dei tilsvarande endingane i standardtalemålet og folkemålet i tabell 3 (Larsen 1907; Western 1921; Alnæs [1963]; 1981).

Kategori	Tønsberg og Fredrikstad		Døme	
f.sg.b.	-æ	-a	<i>skå̄læ</i>	‘skåla’
n.pl.b.	-æ	-a	<i>eggæ</i>	‘egga’
pret.sv.v.	-æ	→ -a	<i>kastæ</i>	‘kasta’
m.pl.b.	-ænə	-anə	<i>hestænə</i>	‘hestane’
pres.part.	-ænə(s)	-anə(s)	<i>ķørænə(s)</i>	‘køyrande’
superl.	-æst(ə)	-ast(ə)	<i>styggest(ə)</i>	‘styggest(e)’

TABELL 2: Endring av trykklett æ i Tønsberg- og Fredrikstad-mål

Både Gulbrandsen og Lund meiner at dei nye formene med a må vera eit “kompromiss” mellom dei tradisjonelle formene med æ og standardtalemålsformene med ə (Gulbrandsen 1975: 34; 1977: 15; Lund 2006: 73–74, 78, 98, 114), utan at dei kjem nærare inn på korleis ein skal skjønna det. Som både Gulbrandsen (1975: 33) og Bjørnemyr (1985: 60) har peika på er den nye vokalen a fonetisk sett lenger unna vokalen ə i standardtalemålet enn det den gamle vokalen æ var. Bjørnemyr hevdar på si side at formene med a kjem av at “byboerne [i Tønsberg] ønsker å

2. Tabellane i denne artikkelen har mange forkortingar for grammatiske nemningar. Dei er i alfabetisk følgd: b. = bunden form, f. = femininum (hokjønn), komp. = komparativ, m. = maskulinum (hankjønn), n. = nøytrum (inkjekjønn), nom.agent. = nomen agentis, part. = partisipp, pl. = pluralis (fleirtal), pres. = presens, pret. = preteritum, sg. = singularis (eintal), superl. = superlativ, sv. = svak, ub. = ubunden form, v. = verb.

Kategori	Tønsberg og Fredrikstad	Standardtalemål	Folkemål
f.sg.b.	-a	-ən/(-a)	-a
n.pl.b.	-a	-ənə	-a
pret.sv.v.	-a	-ət	-a
m.pl.b.	-anə	-ənə	-a/-ənə/-anə
pres.part.	-anə(s)	-ənə(s)	-anəs/-ənəs
superl.	-ast(ə)	-əst(ə)	-əst(ə)

TABELL 3: Endingar i Tønsberg- og Fredrikstadmål, standardtalemål og folkemål

markere avstand til det ‘bondske’ målet [på landsbygda]” (1985: 60–61). Men dersom målet berre er å kvitta seg med den “bondske” lyden æ, so forklarar heller ikkje det kvifor dei skulle velja vokalen *a* framfor *ə*. Bjørnemyr (1985: 60) og Lund (2006: 111) hevdar vidare at endinga *-a* i bunden form av hokjønnsord (*skåla*) og i preteritum av svake verb (*kasta*) er henta direkte frå standardtalemålet. Men i standardtalemålet er endinga *-a* heller lite brukt (Western 1921: 306, 396–397; Bjerke 1966: 85–88; Western [1977]: 54, 91, 105; Foss 1978: 63, 104–105). Totalt sett er det difor lite som tyder på at standardtalemålet har noko særleg med denne talemålsendringa i Tønsberg og Fredrikstad å gjera.

Det er eit stort samsvar mellom dei nye formene med *a* i Tønsberg og Fredrikstad og folkemålsformene i tabell 3, og flestalle dei nye endingane med *a* kan difor koma beint frå folkemålet. Men som tabellen syner kan ikkje det gjelda superlativendinga, sidan ho er *-əst(ə)* i folkemålet. Det kan likevel vera at folkemålet i Oslo indirekte har valda denne endringa. Hovudskilnaden mellom folkemålet og dei vikkværske målføra er nettopp denne bruken av æ i trykklette stavingar. I vikkværske mål som bymåla i Tønsberg og Fredrikstad er han brukt særst ofte, medan han i folkemålet vel berre finst i endinga *-æn* i ord som *læræn* ‘læraren’. Vokalen æ i trykklette stavingar i vikkværsk svarar som oftast til *a* i folkemålet, nett som tabell 2 og 3 har mange døme på. Det er rimeleg å tenkja seg at vikkværske bymålsbrukarar i Tønsberg og Fredrikstad har vore klår over dette tilhøvet, og den nye superlativendinga på *-ast(ə)* kan difor vera ein *hyperkorreksjon*, dei kallar. Det tyder at dei vikkværske bymålsbrukarane har generalisert samsvaret mellom vikkværsk æ og folkemålsvokalen *a* til å inkludera den vikkværske superlativen på *-əst(ə)*, jamvel om han i røynda ikkje har vokalen *a* i folkemålet. Døme på slik hyperkorreksjon kan ein elles finna i vikkværsk. Vikkværske bygdemål har til dømes generalisert samsvaret mellom ordformer som *følk* (vikkværsk) og *fålk* (folkemål)

‘folk’ til å inkludera ord som *stølk* (vikværsk) ‘stilk’, og dimed endra bae to til *fålk* og *stålk*. Men folkemålsforma for ‘stilk’ er *stælk*, og det tyder at den nye vikvær-ske forma *stålk* er ein hyperkorreksjon (Hoff 1946: 9; Steinsholt 1964: 121–122; Målføresynopsisen § 12).

Det vantande fulle samsvaret mellom dei nye formene i Tønsberg og Fredrikstad og folkemålet, som tabell 3 viser, gjer at me lyt vurdera eit anna opphav òg. Sosiolingvistisk forskning har vist at måldrag “hoppa” frå by til by (Trudgill 1974; Foldvik 1979). I ein freistnad på å kvantifisera dette fenomenet brukar Trudgill (1974) *gravitasjonsmodellen*, der dei to hovudparametrane er kor mange som bur i byane og kor langt det er mellom dei. Noko forenkla kan me seia at kor sannsynleg det er at ein får nye måldrag frå ein annan by, står på kor stor den andre byen er, og kor nær han ligg. Difor skal eg no sjå nærare på kva dei formene som er oppførte i tabell 2 og 3 heiter i bymåla som ligg i nærleiken av Tønsberg og Fredrikstad.

Oslo er sjølvsgat den største byen i området kring Oslofjorden, utan samanlikning. Men byar som ligg nærare Tønsberg og Fredrikstad er òg store. Tønsberg ligg midt imellom byane Sandefjord i sør og Horten i nord. Sandefjord er den største av desse to, og er på lag like stor som Tønsberg (*Statistisk årbok* 2013: 82). Horten er likevel ein viktig by av di han i lang tid har vore bindeleden mellom aust og vest over fjorden. Mykje av trafikken frå Tønsberg mot nord og aust har difor gått gjennom Horten. På austsida av fjorden er Moss den nest største byen etter Fredrikstad og Sarpsborg, som i dag utgjer eit samanhengande byområde (*Statistisk årbok* 2013: 72). Moss er òg ein viktig bindeled til Oslo, sidan jarnvegen frå Fredrikstad går gjennom Moss. Utanom Oslo er det dimed mest rimeleg å tenkja seg Sandefjord, Horten og Moss som dei byane der nye måldrag i Tønsberg og Fredrikstad kan koma ifrå. Tabell 4 jamfører dei nye formene med *a* i Tønsberg og Fredrikstad med dei tradisjonelle formene i bymåla i Sandefjord, Horten og Moss (Broch 1943: 170; Hoff 1954: 88; Dahl 2002a: 57–60; 2002b: 17; Målføresynopsisen § 30, § 34, § 38, § 42, § 54). Som tabellen viser, er det fullt samsvar mellom dei. I tråd med “byhopp”-mønsteret dokumentert av Trudgill (1974) og Foldvik (1979) er det difor rimeleg å tenkja seg at dei nye formene i Tønsberg- og Fredrikstad-målet kjem frå andre vikvær-ske byar som ligg i nærområdet deira.

Ein skal likevel ikkje sjå bort ifrå at det gode samsvaret mellom dei nye formene og folkemålsformene (jf. tabell 3) har hatt mykje å seia, særleg når ein tek med at alle andre nye måldrag i vikvær-ske bymål ser ut til å koma frå folkemålet (noko resten av denne artikkelen kjem til å visa). Den kjensgjerninga at folkemålsformene frå Oslo og bymålsformene frå Sandefjord, Horten og Moss for det meste er dei same her tyder nok at dei har verka saman på Tønsberg og Fredrikstad, og det

Kategori	Tønsberg og Fredrikstad	Sandefjord, Horten og Moss
f.sg.b.	-a	-a
n.pl.b.	-a	-a
pret.sv.v.	-a	-a
m.pl.b.	-anə	-anə
pres.part.	-anə(s)	-anə(s)
superl.	-ast(ə)	-ast(ə)

TABELL 4: Morfologiske endingar i Tønsberg, Fredrikstad, Sandefjord, Horten og Moss

kan òg ha gjort at bymålsbrukarar i Tønsberg og Fredrikstad har overgeneralisert samsvaret, slik det vart diskutert ovanfor. Desse bymålsbrukarane kan då ha tenkt seg at når *skåla*, *egga* og *kasta* heiter det same i folkemålet som i Sandefjord, Horten og Moss, då burde superlativsformer som *styggastə* i Sandefjord, Horten og Moss sameleis heita *styggastə* i folkemålet i Oslo.

4.2 Frå a/æ til ə i trykklette stavingar

Som nemnt i bolk 4.1 ovanfor, so er den vide bruken av vokalen æ i trykklette stavingar det som er mest karakteristisk for vikkværsk. I dei vikkværsk bymåla er bruken av æ for det meste ulik den i vikkværsk bygdemål, og skilnaden ligg i at bymåla har æ i trykklette stavingar berre framfor konsonanten r. Elles har dei a. Somme bymål har tradisjonelt hatt vokalen æ i trykklette stavingar generelt, slik som me såg for Tønsberg og Fredrikstad i førre bolken, men dei har i dei siste tiåra òg innskrenka vokalen æ til posisjonen framfor r (Gulbrandsen 1975: 27, 29; 1977: 15; Maagerø 1978: 66; 1983: 36). Denne fordelinga ser ein tydeleg i kolonnen “Tradisjonelle former” i tabell 5.

Ei heil rad sosiolingvistiske undersøkingar av dei vikkværsk bymåla har funne at mange morfologiske endingar som tradisjonelt har hatt vokalane æ og a no har fått vokalen ə, som vist i tabell 5 (Maagerø 1978: 62–140; 1981: 4; 1983: 52; Seim 1981: 16; Andersen 1982; Sørensen 1998: 82–87; Bjellås 2001: 41–42; Dahl 2002a: 157–161; 2002b: 17, 20–22; Aasen 2004: 69–70; Lund 2006: 64–75, 81–86, 92–97; Hult 2008: 120; Imrik 2011: 48–49).

Litteraturen er samstemd i at denne endringa kjem frå standardtalemålet (Maagerø 1978: 63, 66, 69, 141; Seim 1981: 15–16; Andersen 1982: 18–19; Lund

Kategori	Tradisjonelle former	Nye former	Døme	
m.pl.ub.	-ær	-ər	<i>hestær</i>	‘hestar’
m.pl.b.	-anə	-ənə	<i>hestanə</i>	‘hestane’
komp.	-ærə	-ərə	<i>styggerə</i>	‘styggare’
superl.	-ast(ə)	-əst(ə)	<i>styggest(ə)</i>	‘styggast(e)’
nom.agent.	-ær	-ər	<i>bækær</i>	‘bakar’
pres.sv.v.	-ær	-ər	<i>kastær</i>	‘kastar’
pres.part.	-anə(s)	-ənə(s)	<i>køranə(s)</i>	‘køyrande’

TABELL 5: Morfologiske endingar i vikkværske bymål

2006: 67, 69, 72, 74, 96). Men som tabell 6 syner er det fullt samsvar med både standardtalemålet og folkemålet.³ Ein kan difor ikkje avgjera på dette grunnlaget åleine kvar dei nye formene i dei vikkværske bymåla har kome ifrå.

Kategori	Nye vikkværske bymål	Standardtalemål	Folkemål
m.pl.ub.	-ər	-ər	-ər
m.pl.b.	-ənə	-ənə	-ənə/-a
komp.	-ərə	-ərə	-ərə
superl.	-əst(ə)	-əst(ə)	-əst(ə)
nom.agent.	-ər	-ər	-ər
pres.sv.v.	-ər	-ər	-ər
pres.part.	-ənə(s)	-ənə(s)	-ənə(s)/-anə(s)

TABELL 6: Endingar i nye vikkværske bymål, standardtalemålet og folkemålet

Eit tilhøve som kan gje ein god peikepinn på kvar desse formene i røynda har opphavet sitt, er å sjå på dei endingane med trykklett *a* i vikkværske som ikkje har endra forma si, jf. tabell 7 (Seim 1977: 165–166; 1981: 16; Maagerø 1978: 233–252; 1981: 5; 1983: 52; Elseth 1982: 124; Dybvik 1994: 53; Kristiansen 1995a: 102–105, 119–120; 1995b: 14; 1996: 22; 1999: 143–144; Sørensen 1998: 79–80, 87; Lindbekk

3. I folkemålet var den tradisjonelle endinga i m.pl.b. *-a*, men endinga *-ənə*, som fanst alt i det tradisjonelle folkemålet (Larsen 1907: 103), har vorte endå meir vanleg med åra. Desse to endingane var om lag like vanlege i 1970-åra (Western [1977]: 69, 97, 113), men *-ənə* har dominert i tida etter det (Johnsen 2001: 101–103). Forma på *-ənə(s)* i pres.part. har gradvis teke over for den tradisjonelle forma på *-anə(s)* (Alnæs [1963]: 179).

2000: 113; Dahl 2002a: 157; 2002b: 17, 20–21; Aasen 2004: 68, 70; Lund 2006: 75–80, 86–87; Hult 2008: 120).

Kategori	Vikværsk	Folkemål	Standardtalemål
f.sg.b	-a	-a	-ən (-a)
n.pl.b	-a	-a	-ənə
pret.sv.v	-a	-a	-ət

TABELL 7: Vikværskje endingar som ikkje endrar seg

Generaliseringa ein kan formulera på grunnlag av tabell 5, 6 og 7 er grei: dei tradisjonelle vikværskje formene endrar seg ikkje dersom dei allereie samsvarar med formene i folkemålet (Sørensen 1998: 111). Det er i seg sjølv eit klårt teikn på at dei nye formene med ə i tabell 6 helst kjem frå folkemålet, og ikkje frå standardtalemålet.

4.3 Frå -anə til -a i hankjønn fleirtal

I bolk 4.1 og 4.2 ovanfor har me sett at endinga i bunden form fleirtal av hankjønnord har endra seg frå -ænə/-anə til -ənə i ei rekkje av dei vikværskje bymåla. Men det finst endå ei endring, som er at den tradisjonelle endinga -ænə/-anə vert avløyst av ei ending -a, slik at folk seier *hesta* i staden for det tradisjonelle *hestænə/hestanə*. Me finn denne endinga i flestalle bymåla på vestsida av fjorden (Maagerø 1978: 85; Lindbekk 2000: 114; Bjellås 2001: 33; Dahl 2002a: 150, 157; 2002b: 17, 20), men ho ser ut til å vera vanlegare i bymåla nærare Oslo (Andersen 1982; Aasen 2004: 69–70). I dette tilfellet er det liten tvil om kvar den nye endinga -a i bunden form fleirtal av hankjønnord kjem i frå. Ho er so godt som heilt fråverande i standardtalemålet (Western [1977]: 69, 97, 113; Jahnsen 2001: 101), men ho er den tradisjonelle endinga i Oslo-målet (Larsen 1907: 102–103). Det er difor heilt klårt at denne nye forma kjem derifrå (Andersen 1982: 18).

4.4 Frå hūsər – hūsənə til hūs – hūsa

Mange av dei vikværskje bymåla har tradisjonelt hatt to grupper av einstava in-kjekjønnord. Ei gruppe har danna fleirtal utan ending i den ubundne forma, og med -a og einstavingstonelag i den bundne forma (gruppe 1 i tabell 8). Denne gruppa inneheld ord som *egg*, *šlāg*, *fālk*, *skvīk*, *dȳr* og *līk*. Ei anna gruppe har laga

fleirtal med ei ending *-ər* i den ubundne forma og *-ənə* i den bundne forma, og med tostavingstonelag i båe formene (gruppe 2 i tabell 8). Denne gruppa inneheld ord som *gølv*, *hūs*, *tāk*, *fāt*, *bōl* og *fjell* (Smith 1968: 84–87, 90–91; Gulbrandsen 1975: 58–60). Mange granskingar av vikkværske bymål har synt at gruppe 2 anten har forsvunne eller er i ferd med å forsvinna for yngre språkbrukarar, slik at dei bøyer alle einstava inkjekjønnsord etter gruppe 1 (Smith 1968: 83, 87–88, 97–98; Gulbrandsen 1975: 58–61; 1977: 16; Bjørnemyr 1985: 53; Dybvik 1994: 52, 117–124; Lindbekk 2000: 113–114, 124; Dahl 2002a: 152, 157; 2002b: 17, 20; Jensen 2006: 8). For dei er fleirtalsformene av ordet *hūs* med andre ord *hūs* – *hūsa*.

Kategori	Gruppe 1	Gruppe 2		Gruppe 1
n.pl.ub.	<i>dȳr</i>	<i>hūsər</i>	→	<i>dȳr</i> <i>hūs</i>
n.pl.b.	<i>dȳra</i>	<i>hūsənə</i>		<i>dȳra</i> <i>hūsa</i>

TABELL 8: Fleirtal av einstava inkjekjønnsord i vikkværske bymål

Standardtalemålet har det same skilet mellom gruppe 1 og 2 som i dei tradisjonelle vikkværske bymåla. På 1800-talet ser det ut til at dette skilet var nokso skarpt (Knudsen 1856: 106–107; Bennett 1881: 19, 46, 59, 66, 76, 85, 123). Ut på 1900-talet fortel både Western (1921: 413) og Alnæs (1925: 31–32) at det er vakling mellom fleirtalsformer med og utan ending for ord i gruppe 2, t.d. *hūs* ~ *hūsər*. Men båe to er klare på at dei to gruppene er skilde frå einannan i den bundne fleirtalsforma i at orda frå gruppe 1 har einstavingstonelag (*dȳrənə*), medan orda frå gruppe 2 har tostavingstonelag (*hūsənə*). Systemet i det tradisjonelle standardtalemålet er dimed som i den venstre halvdel av tabell 9.

I dag er ubundne fleirtalsformer med *-ər* lite vanlege i standardtalemålet for ord i gruppe 2 (Storstenvik 2007: 63–66). For dei bundne fleirtalsformene har Jensen (1958: 7) peika på at det har vore ein overgang frå tostavingstonelag til einstavingstonelag i gruppe 2, men talemålsundersøkinga til Storstenvik viser at tostavingstonelaget framleis er mykje vanleg her, og at det er tilnærma fri variasjon mellom dei to tonelaga for ord som høyrer heime i gruppe 2 (2007: 63–66). Det er viktig å understreka her at det i undersøkinga til Storstenvik ikkje er nokon teikn til at ord frå gruppe 1 kan bøyast som ord i gruppe 2, d.e. med *-ər* i den ubundne fleirtalsforma og med tostavingstonelag i den bundne forma. Endinga *-a* i den bundne fleirtalsforma er ikkje vanleg, korkje i gruppe 1 eller gruppe 2 (Western [1977]: 80, 97, 113; Jahnsen 2001: 103–105). For moderne standardtalemål kan me dimed setja opp systemet som i den høgre halvdel av tabell 9.

Kategori	Gruppe 1	Gruppe 2		Gruppe 1	Gruppe 2
n.pl.ub.	<i>dȳr</i>	<i>hūs ~ hūsær</i>	→	<i>dȳr</i>	<i>hūs</i>
n.pl.b.	<i>dȳrænə</i>	<i>hūsænə</i>		<i>dȳrænə</i>	<i>hūsænə ~ hūsænə</i>

TABELL 9: Fleirtal av einstava inkjekjønnsord i standardtalemålet

Smith (1968: 99) meiner at standardtalemålsformer som *hūs* i gruppe 2 har gjort at orda som høyrer heime i gruppe 2 har gått over til gruppe 1 i vikkværsk (jf. tabell 8). Men det synest lite truleg at ubundne fleirtalsformer som *hūs* skal ha hatt ein so stor påverknad på vikkværsk når dei bundne fleirtalsformene på *-ænə* ikkje ser ut til å ha påverka vikkværsk i det heile. Jamvel om standardtalemålet har *-ænə* både i gruppe 1 og 2, so er det nettopp denne endinga som har forsvunne frå vikkværsk (jf. tabell 8). Det er heller eit vitne om kor liten påverknad standardtalemålet har hatt på denne utviklinga (Sandøy 1982: 10; Papazian 1997: 174).

Folkemålet kjenner òg bae gruppene for einstava inkjekjønnsord, men alt kring 1900 var gruppe 2 ein utsett bøyingskategori. Dei orda som enno høyrde til gruppe 2 kunne bøyast fritt etter gruppe 1 eller gruppe 2, medan andre ord som opphavleg høyrde til gruppe 2 ikkje lenger kunne bøyast etter denne gruppa i det heile teke. Det gjeld til dømes ord som *høt*, som i fleirtal berre kunne heita *høt* – *høtla*, i motsetnad til vikkværsk *høtær* og standardtalemål *hullær* (Larsen 1907: 105; Western 1921: 413; Smith 1968: 85; Gulbrandsen 1975: 59). For det tradisjonelle folkemålet var systemet med andre ord som i venstre halvdel av tabell 10 (Larsen 1907: 105; Målføresynopsisen § 38).

Kategori	Gruppe 1	Gruppe 2		Gruppe 1	Gruppe 2
n.pl.ub.	<i>egg</i>	<i>hūs ~ hūsær</i>	→	<i>egg</i>	<i>hūs</i>
n.pl.b.	<i>egga</i>	<i>hūsə ~ hūsænə</i>		<i>egga</i>	<i>hūsə</i>

TABELL 10: Fleirtal av einstava inkjekjønnsord i folkemålet

Det ser ut til at bøyingsystemet i gruppe 2 forsvann frå Oslo-målet i tida etter dette. Oppskriftene som Einar Sagen og Rolf Arnesen gjorde i 1945 og 1948 har berre bundne fleirtalsformer som *hūsə* og *fjella* (Målføresynopsisen § 38), og Karsten Alnæs fann i 1963 at dei ubundne fleirtalsformene på *-ær*, som i *hūsær*, var heilt fråverande hjå dei unge og halvgamle ([1963]: 166). Fleirtalsendinga *-a*, som er den opphavlege i gruppe 1, har vore ei vanleg ending for alle inkjekjønnsord i

tida etter dette (Western [1977]: 80, 97, 113; Bull 1982: 48; Jahnsen 2001: 103–105). Oslo-målet utvikla med andre ord alt før krigen det bøyingsverket for einstava inkjekjønnsord som me ser i den høgre halvdel av tabell 10. Jamført med det vikkværske systemet i tabell 8 ser me at utviklinga i desse målføra svarar heilt opp til kvarandre. Sidan denne utviklinga fann stad tidlegare i folkemålet enn i dei vikkværske bymåla, so tyder alt på at systemet i folkemålet sidan har spreidd seg til vikkværsk.

4.5 *Bortfall av jamvektsformer*

Størsteparten av det vikkværske målområdet ligg innanfor det austlandske jamvektsområdet, der somme infinitivar og svake hankjønnsord endar på *-a* og andre på *-ə*, jf. kolonnen “Tradisjonell vikkværsk” i tabell 11. Som ein kan sjå frå formene i den kolonnen, kan ein ikkje gjera greie for med synkrone prinsipp kva slags ord som får endingane *-a* og *-ə*. Grunnen attom skiftinga av desse endingane ligg i historia. Dei vikkværske bymåla har dei siste tiåra gått igjennom ei endring der dei fleste jamvektsorda som tradisjonelt hadde endinga *-a* no får endinga *-ə* (Gulbrandsen 1975: 41–45; 1977: 15–16; Maagerø 1978: 201–232; 1981: 4; 1983: 52; Elseth 1982: 81–82; Kristiansen 1995a: 106–109; 1995b: 14; 1996: 22–23; 1999: 143–145; Sørensen 1998: 78–79; Dahl 2002a: 151, 157–158; 2002b: 17, 20; Aasen 2004: 72–74; Jensen 2006: 9; Lund 2006: 87–89; Imrik 2011: 47), jf. kolonnen “Ny vikkværsk” i tabell 11.

Kategori	Tradisjonell vikkværsk		Ny vikkværsk	
Verb	<i>såva</i>	<i>vågə</i>	<i>såvə</i>	<i>vågə</i>
Substantiv	<i>dråpa</i>	<i>lāvə</i>	<i>dråpə</i>	<i>lāvə</i>

TABELL 11: Jamvekt i vikkværsk

Standardtalemålet har ikkje eit jamvektssystem, so alle infinitivar og svake hankjønnsord endar på *-ə* der (jf. Bjerke 1966: 85; Bull 1982: 15, 41, 46). Det tradisjonelle folkemålet har derimot det same jamvektssystemet som dei vikkværske målføra (Larsen 1907). Litteraturen er difor samstemd i at dette nye måldraget i vikkværsk kjem frå standardtalemålet (Gulbrandsen 1975: 49; Maagerø 1978: 208; 1983: 52; Lund 2006: 88). Jamvektsformene på *-a* var derimot på veg ut or folkemålet alt kring 1900 (Larsen 1907: 47, 93). I 1960-åra vart dei knapt brukte av ungdommen i det heile teke (Alnæs [1963]: 175), og kring 2000 var slike

jamvektsformer so å seia heilt fråverande (Jahnsen 2001: 105–108; Løken 2001: 156). Dei nye jamvektsformene på *-ə* i vikkværske bymål kan difor like gjerne koma frå folkemålet som frå standardtalemålet.

Visse drag i skiftinga av endingane *-a* og *-ə* i dei vikkværske måla tyder faktisk på at opphavet til endringa i dette systemet helst ligg i folkemålet. Mange granskingar har nemleg vist at endinga *-ə* kom i staden for *-a* mykje snøggare i verba enn i substantiva, slik at vikkværske bymål i denne endringsperioden gjerne hadde halde på den gamle forma i substantiv som *tæ̀la* og *drå̀pa*, men fått den nye forma i verb som *stjæ̀la* og *drēpa*, som no helst heitte *stjæ̀lə* og *drēpə* (Knudsen 1924: 134; Spilde 1969: 18; Gulbrandsen 1975: 42–45; 1977: 15–16). Dalene og Gulbrandsen kan òg fortelja at unge folk i dei vikkværske bymåla som ligg utanfor jamvektsområdet byrja å bruka endinga *-a* i substantiva, medan verba heldt på den gamle endinga *-ə* (Dalene 1947: 89, 93–94; Gulbrandsen 1975: 48; 1977: 16). Dette mellomsteget i dei vikkværske bymåla er vist i tabell 12.

Kategori	Fyrst	Mellomsteg	No
Verb	<i>sāva</i>	<i>sāvə</i>	<i>sāvə</i>
Substantiv	<i>drāpa</i>	<i>drāpa</i>	<i>drāpə</i>

TABELL 12: Avviklinga av jamvekt i vikkværsk

Dette mellomsteget i vikkværsk svarar til det Larsen fann i folkemålet alt i 1907 (1907: 46–47, 93, 103). Det kan snauvt vera eit slumpehøve, og den mest naturlege forklåringa på at dei vikkværske bymåla gjekk igjennom mellomsteget illustrert i tabell 12 må difor vera at denne skiftinga vart teken direkte frå folkemålet, der dette mellomsteget alt longe hadde vore på plass (jf. Dalene 1947: 94). Opphavet til denne skiftinga kan ikkje liggja i standardtalemålet, der alle desse formene har endinga *-ə* uansett.

4.6 Frå *-əŋ/-əlŋ* til *-æŋ*

I dei tradisjonelle vikkværske bymåla får hankjønnsord som ender på *-ər* i ubunden form, slik som *vintər* og *fiŋŋər*, endinga *-əŋ* i den bundne forma, slik me ser under kolonnen “Tradisjonell vikkværsk” i tabell 13. Hankjønnsord som ender på *-əl* i den ubundne forma, slik som *sykkəl* og *fakkəl*, får endinga *-əlŋ* i bunden form, jf. den same kolonnen i tabellen. I dei nyare vikkværske bymåla har desse to endingane i bunden form, *-əŋ* og *-əlŋ*, vorte avløyste av ei ny ending *-æŋ*, som me ser under

kolonnen “Ny vikkværsk” i tabell 13 (Gulbrandsen 1975: 14–17; 1977: 15; Dybvik 1994: 98–108).

Kategori	Tradisjonell vikkværsk		Ny vikkværsk	
m.sg.ub.	<i>vintər</i>	<i>sykkəl</i>	<i>vintər</i>	<i>sykkəl</i>
m.sg.b.	<i>vintən</i>	<i>sykkəl̃n</i>	<i>vintæn</i>	<i>sykkæ̃n</i>

TABELL 13: Bunden form av hankjønnsord på *-ər* og *-əl* i vikkværsk

For ord på *-ər* hadde både standardtalemålet og folkemålet opphavleg ei bunden form på *-ən* (Bennett 1881: 32, 58, 92; Larsen 1907: 103; Western 1921: 500; Alnæs 1925: 12). Den fyrste oppskrifta med *-æn* i slike ord i Oslo-måla er frå 1948 og har folkemålsformer som *vintæn* (Målføresynopsisen § 30). Men det er god grunn til å tru at denne endinga er mykje eldre. For jamvel om Larsen skreiv i 1907 at hankjønnsorda på *-əl* òg har ei bunden form på *-ən* i folkemålet, som til dømes i *naggəl – naggən* (1907: 103), so kunne Ivar Alnæs på om lag same tid fortelja at folkemålet varierte mellom *-ən* og *-æn* i desse formene (1910: xiii). Og Alnæs kunne seinare (1925: 13) visa til ein eldre “bokstavrett” uttale *-ænə* av skriftforma <-erne> i staden for den tradisjonelle uttalen *-ənə* (jf. Bennett 1881: 20, 24, 28, 37, 40–41, 49, 56–57, 67, 79; Western 1889: 277, 280; 1892). Det ser difor ut til at det må ha vore ein ålmenn overgang frå trykklett *-ən* til *-æn* ein gong før 1900. I kva talemål overgangen fyrst tok til for hankjønnsorda på *-ər* veit me ikkje, men det er liten tvil om at det var i folkemålet den nye endinga *-æn* vart vanleg fyrst. Det er den einaste endinga nemnd i folkemålsoppskrifta frå 1948, medan Hans Vogt kring den same tida berre nemner endinga *-ən* for standardtalemålet (1939: 138–139). I 1970-åra heldt Seim (1977: 58) *-ən* og *-æn* for å vera jamgode variantar i standardtalemålet for ord på *-ər*, men i dag er nok *-æn* den einaste endinga ein finn i bae måla (Kristoffersen 2000: 229).

Når det gjeld ord på *-əl* er skilnaden mellom dei to talemåla greiare. Den tradisjonelle bundne forma i standardtalemålet er på *-əl̃n* (Bennett 1881: 56, 116; Brekke 1881: 29). For folkemålet er den bundne forma av slike ord ikkje nemnd i korkje Larsen (1907) eller Målføresynopsisen, men i eit folkemålsdikt frå 1929 er den bundne forma av ordet *snābəl* skriven <snabern> (Nilsen 1929: 31). Skrivemåten med <-ern> i staden for <-elen> tyder at den bundne forma av ord på *-əl* ikkje var skild frå den bundne forma av ord på *-ər*. Sidan me veit at den bundne forma av ord på *-ər* var *-æn* i folkemålet på den tida (sjå drøftinga ovanfor), so tyder det at den bundne forma av ord på *-əl* må ha vore *-æn*, den òg. I dag er endinga *-æn*

vanleg for alle ord på *-əl* i folkemålet (jf. Vanvik 1975; Papazian 1984: 224). Men for standardtalemålet meiner Papazian at endinga *-æŋ* for slike ord er “stilistisk markert” og ofte “sjelden eller avvikende” (1984: 224–225). Alt sett under eitt er det difor full semje i litteraturen om at endinga *-æŋ* i dei vikvørske bymåla har spreidd seg frå folkemålet (Gulbrandsen 1975: 22; Papazian 1984: 225, 235–236; Dybvik 1994: 109–110).

4.7 Trykk i framandord

Alle dei vikvørske målføra på austsida av Oslofjorden og dei i den nordre luten på vestsida av fjorden har tradisjonelt lagt trykket på fyrste stavinga i framandord. I desse måla heiter det med andre ord frå gamalt *diskutēra*, *stašōn* og *bensīn*. Mange av undersøkingane av bymåla i dette området har sett at trykket i slike framandord no helst er flytt til ei staving lenger ut i ordet, slik at desse orda no gjerne vert uttala *diskutērā*, *stašōn´* og *bensīn´* (Elseth 1982: 83–84; Kristiansen 1995a: 114–115; 1995b: 14; 1996: 22–23; 1999: 143–145; Aasen 2004: 77–78; Lund 2006: 105–107; Hult 2008: 121).

Standardtalemålet held for det meste på den trykkplasseringa som framandord har i dei språka orda er lånte frå (Brekke 1881: 53). Dei orda nemnde ovan heiter difor *diskutērā*, *stašōn´* og *bensīn´* i standardtalemålet (Alnæs 1925). Folkemålet har tradisjonelt det same trykksystemet som dei vikvørske bymåla drøfte ovanfor. Framandord har dimed helst trykket på fyrste stavinga (Brekke 1881: 56; Larsen 1907: 33–34). Av denne grunnen har somme meint at endringa i plasseringa av trykket i framandord i vikvørsk ikkje kan koma frå folkemålet, og difor må koma frå standardtalemålet (Lund 2006: 105).

Men som illustrert i bolkanane ovanfor er det viktig å ikkje berre sjå på kva folkemålet hadde av tradisjonelle måldrag kring år 1900, men òg å sjå nærare på kva som var vanleg folkemål i tida like før dei nye måldraga byrja å dukka opp i vikvørske bymål. Jamvel Larsen nemner at det hadde vorte meir vanleg i folkemålet i “den nyeste tid” å leggja trykket på den “rette” stavinga lenger ute i ordet (1907: 34). Alnæs finn døme på det same i 1960-åra ([1963]: 96–97), og mot hundreårsskiftet hadde det tradisjonelle systemet med å ha trykk på fyrste stavinga i framandord vorte endå mindre vanleg (Jahnsen 2001: 94–96; Løken 2001: 156). Endringa i trykkplasseringa i framandord i dei vikvørske bymåla kan difor like gjerne koma frå folkemålet som frå standardtalemålet.

4.8 *Samanfall av k̄ og š*

I dei vikkværske målføra skil ein til vanleg mellom lydane *k̄* og *š*, som i ordparet *k̄ønn* 'kjønn' – *šønn* 'skjøn'. Heilt nyleg har ein sett døme på at desse to lydane har falle saman hjå ungdomen i dei vikkværske bymåla, slik at båe orda no lyder *šønn* (Hult 2008: 112, 120; Imrik 2011: 54). Denne endringa er ny, og det er berre i dei aller nyaste talemålsstudiane for vikkværsk at samanfallet har vorte eit vanleg talemålsdrag. I tidlegare undersøkingar var skilet mellom *k̄* og *š* for det meste halde ved lag (Lindbekk 2000: 108, 112; Aasen 2004: 85–86), jamvel om sporadiske tilfelle av samanfall vart registrert då òg (jf. Lindbekk 2000: 91–92; Dahl 2002a: 153; Aasen 2004: 85–86).

Samanfallet mellom desse to lydane har vore vanleg i barnemål gjennom heile 1900-talet, men det var fyrst mot 1990 at det såg ut til å slå igjennom hjå ungdomen i Oslo (Papazian 1994: 54–55, 67–69). Talemålsgranskinga til Papazian fann at samanfallet var meir utbreitt på skulane på austkanten i Oslo enn på vestkanten (1994: 75–76, 86), og i samband med det er det forvitneleg å sjå i granskinga til Aasen (2004) at den ungdomsgruppa som ofte hadde samanfall mellom desse lydane, var den same gruppa som elles brukte mest folkemålsformer (Aasen 2004: 85, 88–89). Det kan tyda på at samanfallet mellom *k̄* og *š* på den tida var meir karakteristisk for folkemålet enn for standardtalemålet, og at det difor er folkemålet som er opphavet for spreinga til dei vikkværske bymåla.

4.9 *Samanfall av spørjeord*

I dei tradisjonelle vikkværske bymåla skil ein mellom det spørjande pronomenet *vemm* 'kven' og den spørjande determinativen *vekkæn* 'kva for ein', som *vemm æ dē* 'kven er det?' andsynes *vekkæn gutt æ dē* 'kva for ein gut er det?' I somme av desse bymåla har desse spørjeorda falle saman, og pronomenet *vemm* vert brukt i båe tydingane, slik at det no heiter *vemm gutt* og *vemm bōk* (Dalene 1947: 114; Dybvik 1994: 56). Dette samanfallet er eit gammalt og karakteristisk drag ved folkemålet (Larsen 1907: 116), men er ikkje kjent frå standardtalemålet (jf. Western 1921: 492; Coward 1959: 100). Dette måldraget har difor spreidd seg frå folkemålet (Dalene 1947: 114).

4.10 Oppsummering av vikkværske språkendingar

Tabell 14 er ei oppsummering av dei talemålsendingane som har vorte drøfte i denne artikkelen. Ein hake tyder at det er gode språklege grunnar til at det er talemålet i kolonnen til venstre som er opphavet for endinga drøft i den bolken. Ein hake som står i parentes tyder at det aktuelle talemålet *kan* vera opphavet for endinga, men at det er gode språklege grunnar til at det *ikkje* er det. Grunnane til den vurderinga står i den bolken det gjeld. Me kan difor stryka dei mindre sannsynlege opphava frå tabellen, slik at ein lettare kan sjå mønsteret i materialet, jf. tabell 15.

Opphav	Talemålsending (etter bolk)								
	4.1	4.2	4.3	4.4	4.5	4.6	4.7	4.8	4.9
Standardtalemål		(✓)			(✓)	(✓)	✓	(✓)	
Folkemål	(✓)	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓
Andre vikkværske bymål	✓								

TABELL 14: Opphav til talemålsendingar i vikkværsk

Opphav	Talemålsending (etter bolk)								
	4.1	4.2	4.3	4.4	4.5	4.6	4.7	4.8	4.9
Standardtalemål							✓		
Folkemål		✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓
Andre vikkværske bymål	✓								

TABELL 15: Opphav til talemålsendingar i vikkværsk – forenkla versjon

Tabell 15 viser nokso tydeleg kva opphavet attom talemålsendingar i dei vikkværske bymåla er. I sju av ni tilfelle er det folkemålet i Oslo, og i eitt tilfelle har eit nytt måldrag spreidd seg frå andre vikkværske bymål. I det siste tilfellet (4.7) kan ein ikkje på reint språkleg grunnlag konkludera om det er standardtalemålet eller folkemålet endinga har opphavet sitt i. Det er verdt å leggja merke til her at det ikkje er eitt einaste døme på ei talemålsending i vikkværsk som tydeleg har spreidd seg direkte frå standardtalemålet.

5 Diskusjon

5.1 *Opphav ved formlikskap*

Om me legg tabell 15 til grunn, so er det eitt nytt måldrag i dei vikværske bymåla som både standardtalemålet og folkemålet har sams, og der det ikkje finst noko språkleg grunnlag for å seia at dette måldraget har spreidd seg frå dei eine eller det andre talemålet (bolc 4.7). Om me ser mindre strengt på det, kan me òg leggja tabell 14 til grunn, og då kan det vera so mange som fem måldrag av denne typen. I det som fylgjer skal eg gå ut frå tabell 15, men det er viktig å understreka at det ikkje har nokon konsekvensar for argumentasjonen eller konklusjonen. Andre kan, om dei vil, gå ut frå tabell 14 i staden. Dei teoretiske poenga nedanfor vert dei same kor som er. Utgangspunktet er at det finst nye måldrag i vikværske som både standardtalemålet og folkemålet har sams, og det gjer at ein ikkje kan avgjera på reint språkleg grunnlag kva det er for eit mål som har påverka vikværske.

Det er eit ålment problem i norsk sosiolingvistisk forskning om kva ein skal konkludera i slike tilfelle med *formlikskap* mellom standardtalemålet og folkelege bymål, som er dei talemåla ein stort sett trur påverknaden kan koma ifrå. Brit Mæhlum meiner i slike tilfelle at det lyt vera standardtalemålet som har påverka dei målføra som har fått det nye måldraget (2009: 18–19). Slik må det vera av di det er standardtalemålet som har sosiolingvistisk prestisje, ein eigenskap det har av di det er talemålet at dei med ein høg sosioøkonomisk status (Mæhlum 2007a: 46; 2007b: 238). Problemet med denne metoden er at det ikkje er nokon automatikk i at talemålet at dei med ein høg sosioøkonomisk status har sosiolingvistisk prestisje (Meyerhoff 2011: 41). Skal ein finna ut kva for eit talemål som har “prestisje”, lyt ein sjå på kva målførebrukarar gjer. Dersom dei tek nye måldrag frå eit visst talemål og elles tilpassar seg dette talemålet, då kan ein slutta at dette talemålet må ha ein viss prestisje for målførebrukarane. Metoden som Mæhlum legg fram har derimot avgjort på førehand kva for eit talemål som har prestisje, og so vert det brukt til prov på kva det er målførebrukarane gjer. Det eg held for å vera den rette framgangsmåten, har dimed vorte snudd på hovudet, og ei av dei viktigaste oppgåvene for sosiolingvistisk gransking – det å finna ut kva for eit mål som har prestisje – har vorte teken for ei kjensgjerning i staden for å verta prova.

Skal ein finna ut kva det er dei vikværske målførebrukarane har gjort i tilfelle med formlikskap i standardtalemålet og folkemålet, so vert det ein betre metode å sjå på kva desse målførebrukarane har gjort i andre tilfelle der det ikkje er slik formlikskap. I desse andre tilfella kan me difor sjå kva slags talemål det er som har

prestisje, og det gjev dimed ein god peikepinn på kva det er som har hendt i tilfella med formlikskap òg. Som tabell 15 viser, er det folkemålet som er opphavet i sju av åtte tilfelle utan formlikskap. I det eine unnataket er det dei andre vikkværske bymåla som har påverka bymåla i Tønsberg og Fredrikstad (jf. bolk 4.1). Det finst ingen slike tilfelle der det er standardtalemålet som har påverka vikkværske. Av det bør ein slutta at det er folkemålet, ikkje standardtalemålet, som har prestisje i dei vikkværske byane. Det gjer det samstundes meir sannsynleg at det er folkemålet som har spreidd seg i tilfella med formlikskap òg.

Jamvel om det er folkemålet som har sosiolingvistisk prestisje i dei vikkværske byane, so kan ikkje det *prova* at det må vera folkemålet som er opphavet i dei tilfella der det er formlikskap med standardtalemålet. I røynda er det ingenting som kan prova kva for eit talemål som er opphavet her, so den konklusjonen ein dreg, må byggja på metodiske prinsipp. Eit av dei mest grunnleggjande prinsippa me har i vitskapsteorien, er einfeldeprinsippet. Det seier at når me har to ulike modellar som baa to gjer greie for dataa like godt, so vel me den enklaste modellen. Dette er ikkje berre eit metodisk prinsipp me fylgjer av vitskapsfilosofiske grunnar, men òg av di ein enklare modell i regelen er både meir nøyaktig og betre til å føreseia røynda (jf. Gauch 2012: 174–197).

Same kva ein meiner om tilfella med formlikskap, so syner tabell 15 at ein ikkje kan ha ein modell for vikkværske språkendingar utan folkemålet som ein parameter. I dei åtte tilfella der det ikkje er formlikskap mellom standardtalemålet og folkemålet, so er det folkemålet som er forklåringa i sju av dei. Då veit me at folkemålet òg må vera den viktigaste parameteren i modellen. Om me fylgjer Mæhlum og legg til grunn at det er standardtalemålet som er forklåringa i tilfella med formlikskap, då får me ein modell med to parametrar der folkemålet er den forklårande parameteren når me ikkje har formlikskap, medan standardtalemålet er den forklårande parameteren der det er formlikskap. Det er tydeleg ein meir komplisert modell enn ein modell der det er folkemålet som er forklåringa i alle tilfelle. Sidan baa modellane gjer greie for dataa like godt, so lyt me velja den enkle modellen.

Det er difor ingen grunn til å meina at standardtalemålet har nokon påverknad på dei vikkværske bymåla. Som drøft ovanfor, ser det ikkje ut til at standardtalemålet har sosiolingvistisk prestisje i desse byane, og ein modell med standardtalemålet som ein forklårande variabel gjer modellen uturvande komplisert.

5.2 *Sjølvtendet til folkemålet*

Av dei endringane som har vorte drøfte i denne artikkelen, er det to som har kome inn i dei vikkværske bymåla frå folkemålet i Oslo, men som like fullt har det *endelege* opphavet sitt i standardtalemålet. Det gjeld bortfallet av jamvektssystemet og endringa i trykkplasseringa i framandord (jf. bolkanne 4.5, 4.7 og 5.1). Det tyder at standardtalemålet fyrst har påverka folkemålet, og so har folkemålet påverka dei vikkværske bymåla. Det er to ting som talar for ein slik modell. For det fyrste passar det godt med det me har lært om språkleg påverknad i denne regionen. Det er ingen tvil om at folkemålet har endra seg i lei mot standardtalemålet (jf. bolk 2.2), og som denne artikkelen har vist, har dei vikkværske bymåla gått i lei mot folkemålet. Me ventar difor å sjå at somme måldrag frå standardtalemålet før eller seinare endar opp i vikkværsk ved at dei fer igjennom folkemålet. For det andre har me sett i denne artikkelen at folkemålet tek etter måldrag frå standardtalemålet lenge før dei dukkar opp i dei vikkværske bymåla, slik tilfellet er både med bortfallet av jamvektssystemet og med endringa i trykkplasseringa i framandord. Denne kronologien kan ein best forklåra med at dei vikkværske bymåla berre tek etter folkemålet, ikkje standardtalemålet. Det tek difor tid for desse måldraga å fyrst gå frå standardtalemålet inn i folkemålet, og etter det frå folkemålet inn i dei vikkværske bymåla.

Ein kan difor seia at standardtalemålet har ein påverknad på vikkværsk, men ein lyt presisera at denne påverknaden er indirekte. Som diskutert ovanfor er det ingenting som tyder på at nokon måldrag har gått direkte frå standardtalemålet til vikkværsk, og den greiaste måten å forklåra det på er at standardtalemålet ikkje har nokon direkte påverknad på dei vikkværske bymåla.

Mæhlum har lagt fram ein annan modell for slik språkpåverknad. Ho meiner at alle norske målføre er direkte påverka av standardtalemålet, men at målføra i dei mindre byane (som dei vikkværske byane) tek etter måldrag frå standardtalemålet seinare enn folkemåla i dei største byane (som Oslo) gjer (2007b: 243–245; 2009: 17–19). Slik er det av di folkemåla i dei største byane verkar som ein “reguleringsinstans” andsynes målføra i regionen sin. Det tyder at målførebrukarar i dei mindre byane ikkje kan ta etter måldrag frå standardtalemålet om desse måldraga ikkje finst i folkemålet òg. Folkemålet “regulerer” dimed kva slags måldrag dei mindre byane kan få. Grunnen til at det er slik, er at det finst ein sosial konvensjon som seier at målføra i dei mindre byane ikkje kan ta nye måldrag frå standardtalemålet før folkemålet har gjort det, og at det ikkje vil vera sosialt tilrådeleg for målførebrukarar å bryta med denne konvensjonen (2007b: 244–245; 2009:

19–20). Denne forklaringa er derimot sirkulær. Det me vil ha forklåra, er kvifor målføra i dei mindre byane ikkje tek måldrag frå standardtalemålet med mindre dei same måldraga alt finst i folkemålet, og dette vert då forklåra med å postulera at det finst ein sosial konvensjon som seier at det er sånn.

Hovudkonklusjonen til Mæhlum er difor at folkemålet i dei store byane ikkje har noka sjølvstendig rolle som språkpåverkar. Den einaste funksjonen folkemålet har, er å stø oppunder den påverknaden som alt kjem frå standardtalemålet (2007b: 244; 2009: 19–20). Ein slik modell fører med seg ein klår prediksjon som ein kan testa. Dersom folkemålet ikkje har nokon annan funksjon enn å styrkja dei måldraga som kjem frå standardtalemålet, og dei lokale målføra ikkje kan ta imot andre måldrag frå standardtalemålet enn dei som finst i folkemålet òg, då lyt alle nye måldrag som kjem inn i dei vikkværske bymåla vera sams for både folkemålet og standardtalemålet. Med andre ord kan vikkværsk berre godta nye måldrag med formlikskap mellom folkemålet og standardtalemålet. Som tabell 14 og 15 viser er ikkje det rett. Mange av dei måldraga som har kome inn i dei vikkværske bymåla frå folkemålet, finst ikkje i standardtalemålet. Modellen er dimed falsifisert. Endå ein gong tyder alt på at standardtalemålet ikkje påverkar dei vikkværske bymåla. Det naturlege spørsmålet å stilla seg no er kvifor det ikkje gjer det.

5.3 *Kvifor har ikkje standardtalemålet spreidd seg til vikkværsk?*

Standardtalemålet er talemålet i dei øvre sosiale laga i hovudstaden, det er nært knytt opp mot det offisielle bokmålet, og det har i lang tid vorte sett på som ein standard (jf. bolk 2.1). Av desse grunnane har det vore vanleg å hevda at standardtalemålet har sosiolingvistisk prestisje, og at dei som talar andre målføre – særleg på Austlandet – har freista å tilmåta talemålet sitt til standardtalemålet (jf. Papazian 2001: 9; Papazian og Helleland 2005: 28, 41; Mæhlum 2007a: 46; 2007b: 238, 242–245; 2009: 17–20). Denne artikkelen har vist at det ikkje stemmer for dei vikkværske bymåla. Skal ein seia noko om kvifor standardtalemålet vantar prestisje i dei vikkværske byane, so må ein røkja etter kva slags haldningar folk i desse byane har, og korleis det heng saman med språkleg endring.

Eg legg til grunn at måldrag spreier seg gjennom sosial tilpassing (jf. Shepard mfl. 2001). Folk tek etter drag i talemålet åt dei dei identifiserer og assosierer seg med, eller dei dei ynskjer å identifisera og assosiera seg med. Denne tilpassinga går føre seg gjennom direkte kontakt mellom folk. Tilpassinga er òg negativ. Om ein kjenner ein sosial fråstand til dei personane ein talar ved, so kan ein styrkja dei skilnadene som alt finst tilgjengelege i talemåla deira. Stutt sagt vert språkleg tilpassing

eit spørsmål om haldningar. Ein bør helst ha positive haldningar andsynes dei folka ein tilpassar seg i målet, og det er lite rimeleg å tenkja seg språkleg tilpassing mot folk ein har utprega negative haldningar mot. Det finst ein god del granskingar av kva slags haldningar folk i dei vikkværske byane har andsynes standardtalemålet og dei som talar det, og det viser seg at dei for det meste er klårt negative.

Når det gjeld sjølve standardtalemålet, tykkjer folk gjerne at det er “pent” og “riktig” (Jensen 2006: 73). Det som med visse ligg attom denne vurderinga er at standardtalemålet svarar mesta heilt opp til skriftmålet. Sidan folk stort sett meiner at skriftmålet er “fasiten” på kva som er “korrekt språk”, so fylgjer det av det at standardtalemålet er både “penare” og “rettare”. Men samstundes svarar folk òg at standardtalemålet er “påteke”, “snobbete”, “jålete”, “fisefint”, “slitsamt” og “irriterande” (Dybvik 1994: 134; Lindbekk 2000: 79, 117; Dahl 2002a: 79; Jensen 2006: 73; Lund 2006: 2; Hult 2008: 132). Ein informant tykkjer til og med det er “grusomt å høre på” (Kristiansen 1995a: 116). Ei illustrerande undersøking er haldningsundersøkinga til Hans Kristian Voje, der folk vart bedne om å vurdere ni ulike norske målføre på ein “stygg-fin”-skala (1979: 213–215). Resultatet vart at standardtalemålet vart vurdert til det styggaste målføret i landet (1979: 228).

Standardtalemålet i seg sjølv kan ikkje vera “jålete” eller “snobbete”. Når folk kjem med slike karakteristikkar, so er det i røynda haldningane dei har mot standardtalemålsbrukarane som dei fører over på målet dei talar. Med tanke på kor negativt dei ofte ytrar seg om standardtalemålet, so er det ikkje å undrast på at dei karakteristikkane som kjem om standardtalemålsbrukarar, er utprega negative. Dahl finn til dømes at “de fleste var enige om at snobbete folk fra Oslo –vest [sic] var ille” (2002a: 79), og me kan høyra ting som at “de kan provosere meg veldig” (Hult 2008: 132). Smith skriv til dømes at det “rår en slags mistenksomhet overfor normalmålsbrukere” (1968: 257), og Gulbrandsen kallar dei rett ut for “fienden” (1977: 15). Å bruka standardtalemålsformer på dei lokale skulane eller arbeidsplassane er difor risikofylt. Det er “ikke [...] populært i dette miljøet” (Smith 1968: 257), og dei som talar slik, vert utledde, erta og mobba (Maagerø 1978: 71; 1981: 6; 1983: 45; Dybvik 1994: 134–135; Imrik 2011: 66, 96). Stutt sagt kan det vera “sosialt belastande” å bruka standardtalemålsformer (Gulbrandsen 1975: 25–26). Ingen stad er dette tydelegare enn i mannsdominerte miljø, der standardtalemålsbrukarar gjerne vert skulda for å vera både feminine og homofile (Lindbekk 2000: 118).

Når folk i dei vikkværske byane har so negative haldningar andsynes standardtalemålsbrukarane og talemålet deira, so må ein slutta at standardtalemålet ikkje har sosial prestisje der. Difor ventar me heller ikkje å sjå at vikkværingar tilpassar

seg talemålet deira i nokon særleg grad, og talemålsundersøkingane som eg har gått igjennom i denne artikkelen, stadfester at ei slik tilpassing ikkje går føre seg. Avhengig av kor ille folk tykkjer om dei som talar standardtalemålet, kunne me heller venta å finna at dei vik bort frå standardtalemålet. Ein av informantane i Hult (2008) er heilt medviten om at ho gjer det, og seier “Jeg ville aldri ha lagt om til denne dialekten [d.e. standardtalemålet], men heller lagt enda mer vekt på Halden-dialekten sammen med dem” (2008: 132).

Når det gjeld folkemålet, har det ikkje vore etterrøkt i like stort omfang kva slags haldningar folk har til det. Av det som har vorte undersøkt, finn ein at det vert sett på som eit ganske nøytralt målføre, og at folk ikkje har sterke meiningar om det (Smith 1968: 257–258; Lindbekk 2000: 79). Den einaste karakteristikken eg har funne i denne litteraturen, er at “Enkelte synes [folkemålet] er ‘gangsteraktig’” (Dahl 2002a: 79), noko som kan vera positivt i ungdomsmiljø.

Eit naturleg spørsmål å stilla seg er kvifor folk i dei vikkværske byane har negative haldningar mot standardtalemålet og standardtalemålsbrukarar. I nokon grad kan det vera reint språklege grunnar til det. Eit interessant funn i undersøkinga til Elsa Kristiansen er at folk lika best dei talemålsprøvene dei fekk høyra på som samsvara mest med korleis dei sjølve tala (1995a: 93; 1995b: 14; 1996: 23; 1999: 145). Sidan standardtalemålet reint språkleg ligg lenger unna dei vikkværske bymåla enn folkemålet gjer, so kan noko av grunnen til at folk likar standardtalemålet mindre enn folkemålet liggja der. Men det er nok meir truleg at dei negative haldningane kjem av sosiale grunnar. Haldningane tyder på at vikkværingar korkje identifiserer eller assosierer seg med den sosiale gruppa som standardtalemålsbrukarane høyrer til. Det fenomenet har nok lite med språk å gjera, og det må sosiologiske granskningar til for å skjøna det betre. Difor ligg det utanfor emnet for denne artikkelen, so eg skal ikkje gå nærare inn på det her.

6 Oppsummering

Tidlegare undersøkingar har vist at talemålet i Oslo spreier seg på Austlandet, men det har vore ulike meiningar i litteraturen om det er standardtalemålet (vestkantmålet) eller folkemålet (austkantmålet) i Oslo som står attom denne spreinga. Den mest pålitelege måten å undersøkje det på er å ta føre seg all tilgjengeleg litteratur om emnet, samla i hop dei talemålsendringane som har vorte skildra, og so vurderer i kvart einskilt tilfelle om det er standardtalemålet eller folkemålet som har valda endringa. På det viset kan ein lettare sjå kva hovudtendensane i materialet er.

I denne artikkelen har eg teke føre meg all litteratur om talemålsendringar i målføra langs Oslofjorden, til vanleg kalla dei vikvørske målføra. Eg har samla inn alle representative endringar frå denne litteraturen og so vurdert på reint språkleg grunnlag kva som kan eller må vera opphavet åt kvar endring. Resultatet er eintydig: Det finst ikkje eit einaste døme på at eit nytt måldrag må ha kome frå standardtalemålet, medan flestalle endringane tydeleg har opphavet sitt i folkemålet.

Det har vore vanleg i norsk sosiolingvistikkk å hevda at standardtalemålet har prestisje for dei som talar andre målføre, særleg på Austlandet. Desse målførebrukarane har difor freista å tilmåta talemålet sitt til standardtalemålet ved å ta i bruk stadig fleire måldrag frå dette prestisjemålet, slik at dei sjølve kan oppnå ein høgare status. Difor har òg litteraturen for det meste konkludert med at nye måldrag i dei austlandske målføra kjem frå standardtalemålet. Eit stort problem har vore at mange av desse sosiolingvistiske granskingane har avgjort på førehand kva for eit talemål som har prestisje. Forskingsspørsmålet deira har difor ikkje vore å røkja etter kva talemål som har prestisje eller kvar nye måldrag kjem ifrå, men heller å kvantifisera den påverknaden frå standardtalemålet som ein alt visste var der (jf. t.d. Seim 1977; Maagerø 1978; Elseth 1982).

Denne artikkelen snur om på den metoden og ser på kvar einskild endring utan å leggja vekt på kva talemål som til vanleg vert hevda å ha prestisje. På reint språkleg grunnlag kan ein då visa at standardtalemålet ikkje har hatt nokon synleg innverknad på utviklinga i dei vikvørske byane, og frå det fylgjer det at standardtalemålet ikkje har prestisje i dette området. Dette resultatet er ein god demonstrasjon på kor viktig det er å byrja med dataa og dra konklusjonar frå det, heller enn å byrja med den teoretiske konklusjonen og tolka dataa i tråd med den konklusjonen.

Den vantande prestisjen til standardtalemålet i dei vikvørske byane høver godt med korleis folk i desse byane uttrykkjer haldningane sine om talemål. Standardtalemålet vert jamt over karakterisert som “jålete”, “snobbete” og “fifefint”, og vikvøringar tykkjer dei som talar dette målet er “mistenkjelege”, og om dei talar standardtalemålet i visse situasjonar vert dei utsette for hån og mobbing. Når det går so langt som at folk kallar dei for “fienden”, so er det eit godt teikn på kor lite vikvøringar identifiserer seg med den sosiale gruppa som standardtalemålet høyrer heime i.

Referansar

- Alnæs, Ivar. 1910. *Norsk uttaleordbok*. Utgitt av Bymåls-laget. Kristiania: H. Aschehough & Co. (W. Nygaard).
- . 1925. *Norsk uttaleordbok*. 2. utg. Utgitt av Bymålslaget. Oslo: H. Aschehough & Co. (W. Nygaard).
- Alnæs, Karsten. [1963]. "Hovedlinjer av Oslo-dialektens utvikling i det siste hundreåret." Hovudoppgåve. [Universitetet i Oslo].
- . 1981. "Språket i Oslo. Kulturarv med lav prestisje." *St. Hallvard* 59: 165–171.
- Andersen, Birger Alfred. 1982. "Målet til ungdomsskoleelever i Drammen og Lier." *Talatrusten*, 16–22.
- Andli, Morten. 1984. "Osломål hos ei gruppe elever i en videregående skole." Hovudoppgåve. [Universitetet i Oslo].
- Bennett, T. 1881. *Selection of phrases for tourists travelling in Norway*. Red. av Johan Storm. 4. utg. Christiania: H. Tønsberg's Printing-office.
- Birkeland, Ragnhild og Per Erik Møller. 1983. "Ikke akkurat 'dialekt da, men mer sånn sleng, liksom. En undersøkelse av Oslo-målet blant ungdom i to drabantbyer." Hovudoppgåve. [Universitetet i Oslo].
- Bjellås, Petter. 2001. "'Ganske breitt, men greit!' Ei sosiolingvistisk undersøking av dialektbruk og språkhaldningar i Grenland." Hovudoppgåve. Universitetet i Oslo.
- Bjerke, André. 1966. *Dannet talesprog*. Oslo: Riksmålsforbundet.
- Bjørkum, Andreas. 1974. *Generasjonsskilnad i indresognsmål. Talemålet i industribygdi Årdal og dei fire næraste jordbruksbygdene*. Skrifter frå Norsk Målførearkiv 30. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bjørnemyr, Tore. 1985. "«Jæ syns sasjbårdialektä ær så støgg jæ se». En sosiolingvistisk analyse av talemålet i Sarpsborg." Hovudoppgåve. Universitetet i Oslo.
- Brekke, K. 1881. "Bidrag til dansk-norskens lydlære." I: *Indbydelsesskrift til den offentlige examen i juni og juli 1881 ved Aars og Voss's latin- og realskole*, 1–66. Kristiania: W. C. Fabritius.
- Broch, Olaf. 1943. "Fra Vestfoldmålene. Litt om Nykirke og Horten." *Maal og Minne*, 165–174.
- Bull, Trygve. 1982. *Språket i Oslo*. 2. utg. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Coward, Gorgus. 1959. *Kortfattet riksmålsgrammatikk*. Skrifter utgitt av det Norske Akademi for Sprog og Litteratur 2. Oslo: Universitetsforlaget.

- Dahl, Marianne. 2002a. "Talemålstrategier blant barn og unge i Sandefjord." Hovudoppgåve. Universitetet i Oslo.
- . 2002b. "Talemålstrategier blant barn og unge i Sandefjord." *Språklig Samling* 43: 16–26.
- Dahlstedt, Karl-Hampus. 1970. *Massmedierna och språket*. Skrifter utgivna av Nämnden för svensk språkvård 41. Läromedelsförlagen Svenska Bokförlaget.
- Dalene, Halvor. 1947. "Bymål og bygdemål i ytre delen av Telemark fylke." *Maal og Minne*, 85–114.
- Dybvik, Mette. 1994. "Larvik-målet: en dialektologisk og sosiolingvistisk analyse." Hovudoppgåve. Universitetet i Oslo.
- Elseth, Berit Brenden. 1982. "Talespråk og normer. Ei sosiolingvistisk undersøking av talemålet til en del barn og ungdommer i Liet." Hovudoppgåve. Universitetet i Oslo.
- Endresen, Rolf Theil. 1990. "Vikværsk – målet i Østfold, Vestfold, Grenland og Nedre Buskerud." I: *Den store dialektboka*. Red. av Ernst Håkon Jahr, 89–99. Oslo: Novus.
- Foldvik, Arne Kjell. 1979. "Endring av uttale og spredning av ny uttale. Generasjonsskilnader i Brunlanes, Vestfold." I: *Språk og samfunn. Bidrag til en norsk sosiolingvistik*. Red. av Jo Kleiven, 138–150. Oslo: Pax.
- Foss, Aud. 1978. "Om fortid av svake verb i Oslo-mål. En sosiolingvistisk analyse. Delprosjekt av Talemålsundersøkelsen i Oslo (TAUS)." Hovudoppgåve. [Universitetet i Oslo].
- Gauch, Hugh G., Jr. 2012. *Scientific method in brief*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Gjermundsen, Arne Johan. 1978. "Litt om variasjonsmønster i Holla-målet." *Språklig Samling* 19: 8–10, 21–22.
- . 1982. *Variasjonsmønster i Holla-målet. En språksosiologisk og språkgeografisk undersøkelse*. Norske studiar 1. Oslo: Novus.
- Gulbrandsen, Per P. 1975. "Nye drag i Tønsbergs bymål." Hovudoppgåve. Universitetet i Oslo.
- . 1977. "Hvor går de øst-norske bymåla?" *Språklig Samling* 18: 14–17.
- Hoff, Ingeborg. 1946. *Skjetvemålet. Utsyn over lydvoeksteren i målet i Skiptvet i Østfold i jamføring med andre østfoldske mål*. Skrifter utgitt av Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo. II. Historisk-filosofisk klasse. 1946 1. Oslo: Jacob Dybwad.
- . 1954. "Nokre drag frå eit austfoldskt bymål." *Maal og Minne*, 79–90.

- Hult, Ida Elisabeth. 2008. "Språk og lokal tilhørighet. Om talemålsutviklinga hos ungdom i Halden." Masteroppgåve. Universitetet i Agder.
- Imrik, Vemund. 2011. "Jæ bruker'n når jæ trenger'n". Fredrikstad-dialekt blant noen utvalgte ungdommer i Plankebyen." Masteroppgåve. Universitetet i Oslo.
- Jahnsen, Vanja. 2001. "Øst og vest for elva. En sosiolingvistisk undersøkelse av talemålet i Oslo." Hovudoppgåve. Universitetet i Oslo.
- . 2002. "Øst og vest for elva. På vei mot ett oslomål?" *Språklig Samling* 43: 27–31.
- Jahr, Ernst Håkon. 2007. "Bruk av omgrepa 'standardtalemål', 'normalisering' og 'knot' for å skildre språktilhøva i Noreg i dag." I: *Å sjå samfunnet gjennom språket. Heidersskrift til Helge Sandøy på 60-årsdagen 14.06.2007*. Red. av Gunnstein Akselberg og Johan Myking, 93–98. Oslo: Novus.
- Jensen, Iselin Hegdahl. 2006. "Språkholdninger i Sandefjord. En kvantitativ sosiolingvistisk undersøkelse av språkholdninger og språkbruk blant unge i Sandefjord." Masteroppgåve. Universitetet i Oslo.
- Jensen, Martin Kloster. 1958. *Bokmålets tonelagspar* („Vippere“). Universitetet i Bergen årbok 1958. Historisk-antikvarisk rekke 2. Bergen: John Griegs boktrykkeri.
- Knudsen, K. 1856. *Haandbog i dansk-norsk Sproglære*. Kristiania: J. Chr. Abelsted.
- . 1876. *Den landsgyldige norske uttale*. Kristiania.
- Knudsen, Trygve. 1924. "Om Tønsbergs bymål." I: *Festskrift til Amund B. Larsen. På hans 75-års fødselsdag 15. desember 1924*, 130–142. Kristiania: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard).
- Kolsrud, Sigurd. 1950. *Norsk ljoskrift*. Oslo: Jacob Dybwad.
- Kristiansen, Elsa. 1995a. "Holdninger til vikværsk. En kvantitativ analyse av skoleelevers holdninger til noen trekk i drammensdialekten." Hovudoppgåve. Universitetet i Oslo.
- . 1995b. "Drammensernes holdninger til eget talemål." *Språklig Samling* 36: 13–15.
- . 1996. "En kvantitativ språkholdningsundersøkelse i Drammen." *Norskrift* 90: 8–29.
- . 1999. "Haldningar til vikværsk." I: *Austlandsmål i endring. Dialektar, nynorsk og språkhaldningar på indre Austlandet*. Red. av Turid Kleiva, Ingeborg Donali, Trygve Nessel og Helen Øygarden, 140–148. Utgjeve i samarbeid med Austmannalaget. Oslo: Det norske samlaget.
- Kristoffersen, Gjert. 2000. *The phonology of Norwegian*. The phonology of the world's languages. Oxford: Oxford University Press.

- Labov, William. 2001. *Principles of linguistic change*. Bd. 2: *Social factors*. Language in society 29. Malden, MA: Blackwell.
- Larsen, Amund B. 1907. *Kristiania bymål. Vulgærsproget med henblik på den utvungne dagligtale*. Utgit av Bymålslaget. Kristiania: Cammermeyers boghandel.
- Lindbekk, Jon Olav. 2000. "Støvler eller pælær?" En sosiolingvistisk analyse av språkholdninger og språkbruk blant unge i Larvik." Hovudoppgåve. Høgskolen i Agder.
- Lund, Christian. 2006. "Vi sier ikke Freksta, vi sier Freiksta". En variasjons- og endringsstudie av bymålet i Fredrikstad." Masteroppgåve. Universitetet i Oslo.
- Løken, Anne. 2001. "litt kjukkere språk da". Varietetsinndeling og intraindividuell variasjon med utgangspunkt i talemålet i Oslo." Hovudoppgåve. Universitetet i Oslo.
- Meyerhoff, Miriam. 2011. *Introducing sociolinguistics*. 2. utg. London: Routledge.
- Mæhlum, Brit. 2007a. *Konfrontasjoner. Når språk møtes*. Oslo: Novus.
- . 2007b. "Rune Røsstad: *Språkoppfatningar og språkending*. Dr.art.-disputas ved Høgskolen i Agder, 11. februar 2006. Annenopponent professor Brit Mæhlum, Universitetet i Trondheim (NTNU)." *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 25: 233–247.
- . 2009. "Standardtalemål? Naturligvis! En argumentasjon for eksistensen av et norsk standardtalemål." *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 27: 7–26.
- Maagerø, Eva. 1978. "En språksosiologisk undersøkelse av talemålet til en del barn og ungdom på Nøtterøy." Hovudoppgåve. Universitetet i Oslo.
- . 1981. "Nøtterøymålet – en språksosiologisk undersøkelse." *Språklig Samling* 22: 3–8.
- . 1983. "Nøtterøy-målet – «riksmål med noen slengär og litt sleiv»." I: *Språk i variasjon. Fem studier i språksosiologi*. Red. av Eskil Hanssen og Kjell Ivar Vannebo, 31–54. Oslo: Novus.
- Målføresynopsisen*. URL: <http://www.edd.uio.no/synops/work/hovedside.html>.
- Nilsen, Rudolf. 1929. *Hverdagen*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Papazian, Eric. 1984. "Dokka med snabern." *Maal og Minne*, 223–237.
- . 1994. "Om sje-lyden i norsk, og ombytinga av den med kje-lyden." *Norsk skrift* 83: 1–105.
- . 1997. "Dialektdød i Numedal? Om språkutviklinga i Nore og Uvdal." *Maal og Minne*, 161–190.
- . 2001. "Bygdemål, bymål og bokmål i Oslo-området." *Språklig Samling* 42: 8–18.

- Papazian, Eric og Botolv Helleland. 2005. *Norsk talemål. Lokal og sosial variasjon*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Sandøy, Helge. 1982. "Grammatisk utvikling i norsk talemål i dag." *Mål og Makt* 12: 2–18.
- . 1985. *Norsk dialektkunnskap*. 2. utg. Oslo: Novus.
- Seim, Tone. 1977. "Talemålsvarianter i Kragerø. En studie i forholdet mellom dialekt og normalmål i et østnorsk småbysamfunn." Hovudoppgåve. Universitetet i Bergen.
- . 1981. *Kragerø-dialekten*. Kragerø.
- Seip, Didrik Arup. 1959. *Norsk og nabospråkene. I slutten av middelalderen og senere tid*. Oslo: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard).
- Shepard, Carolyn A., Howard Giles og Beth A. Le Poire. 2001. "Communication accommodation theory." I: *The new handbook of language and social psychology*. Red. av W. Peter Robinson og Howard Giles, 33–56. Chichester: John Wiley & Sons.
- Skard, Vemund. 1979. *Norsk språkhistorie*. Bd. 4: 1884–1907. 2. utg. Oslo: Universitetsforlaget.
- Skjekkeland, Martin. 2000. *Dialektutviklinga i Noreg dei siste 15 åra. Drøfting og analyse*. Skriftserien 67. Kristiansand: Høgskolen i Agder.
- Smith, Bjørn Gunnar. 1968. "Trekk vesentlig av bøyningssystemet i Porsgrunns-målet i det 20. århundre." Hovudoppgåve. [Universitetet i Oslo].
- Spilde, Ivar. 1969. "Svake og sterke verb i Sandarmålet. Generasjonsmotsetninger." Hovudoppgåve. [Universitetet i Oslo].
- Statistisk årbok 2013*. 2013. Bd. 132. Oslo: Statistisk sentralbyrå.
- Steinsholt, Anders. 1964. *Målbryting i Hedrum*. Skrifter frå Norsk Målførearkiv 19. Universitetsforlaget.
- . 1972. *Målbryting i Hedrum. 30 år etter*. Skrifter frå Norsk Målførearkiv 26. Oslo: Universitetsforlaget.
- Storm, Joh. 1908. "Norsk Lydskrift med Omrids av Fonetiken." *Norvegia* 1: 19–179.
- Storstenvik, Helene. 2007. "Tonemutvikling i oslodialekten. I lys av analogi, trykkforhold og frekvens." Masteroppgåve. Universitetet i Oslo.
- Sørensen, Marita. 1998. "Vi snakka'ke 'dialekt i Moss! En sosiolingvistisk undersøkelse av språkvaner hos mossinger." Hovudoppgåve. Universitetet i Bergen.
- Torp, Alf og Hjalmar Falk. 1898. *Dansk-norskens lydhistorie. Med særlegt hensyn på orddannelse og bøining*. Kristiania: H. Aschehoug & Co.
- Trudgill, Peter. 1974. "Linguistic change and diffusion: description and explanation in sociolinguistic dialect geography." *Language in Society* 3: 215–246.

- Trudgill, Peter. 1986. *Dialects in contact*. Language in society 10. Oxford: Basil Blackwell.
- . 2004. *New-dialect formation. The inevitability of colonial Englishes*. Edinburgh: Edinburgh University Press.
- Vanvik, Arne. 1975. "En detalj i Oslodialekten." *Maal og Minne*, 65–66.
- . 1979. *Norsk fonetikk. Lydlæren i standard østnorsk supplert med materiale fra dialektene*. Fonetisk institutt. Universitetet i Oslo.
- Vikør, Lars S. 1999. "Austlandsmål i endring." I: *Austlandsmål i endring. Dialektar, nynorsk og språkhaldningar på indre Austlandet*. Red. av Turid Kleiva, Ingeborg Donali, Trygve Nettet og Helen Øygarden, 13–48. Utgjeve i samarbeid med Austmannalaget. Oslo: Det norske samlaget.
- Vogt, Hans. 1939. "Some remarks on Norwegian phonemics." *Norsk Tidsskrift for Sprogvidenskap* 11: 136–144.
- Voje, Hans Kristian. 1979. "Drangedalsmålet sett frå en sosiolingvistisk synsvinkel." Hovudoppgåve. [Universitetet i Oslo].
- Western, Aug. 1889. "Kurze darstellung des norwegischen lautsystems." *Phonetische Studien* 2: 259–282.
- . 1892. "Om lydskrift." *Le Maître Phonétique* 2: 150–152.
- . 1921. *Norsk riksmåls-grammatikk. For studerende og lærere*. Kristiania: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard).
- Western, Knut. [1977]. *a-endinger i Oslo-mål*. Talemålsundersøkelsen i Oslo (TAUS) 5. Universitetet i Oslo. Institutt for nordisk språk og litteratur.
- Aasen, Anita. 2004. "Språklig nivellering i Oslo-regionen. Ungdommers valg av språklige varianter i Follo." Hovudoppgåve. Universitetet i Oslo.

Sverre Stausland Johnsen
Institutt for språkfag
Høgskulen i Buskerud og Vestfold
Postboks 235
NO-3603 Kongsberg

Sverre.Johnsen@hbu.no